

Til Norvald.

På brudlaupsdagen, den 10 august 1952.

Tone: Å, tenk på Gud - -

1.

Kvar ungdom ber ein draum i barm,
og vert av draumen glad og varm,
ja, sjölv i tunge stunder,
han ser eit fagert alveland,
der mann og kvinna, hand i hand
opplever livsens under.

2.

Ein heim er ynskjemålet vårt.
Og sjæl og likam stundar sårt
mot samlivs ro og hyggje.
Som elv mot os me skundar fram
i mot vårt eige tun og tram :
Vår eigen heim å byggje !

3.

Et par, ved heimens inngongsport,
det er eit Herrens under stort
om kjærleiks lov er grunnen.
Når hjarto slær i einskaps takt,
og båd står med Gud i pakt,
er veg til Eden funnen.

4.

Om mangt i livet enn slo klikk,
der stend dei ved sitt Breidablikk,
= det gyllne högderiset = .
Der står du Norvald no - so fjong -
ved sida av di Magda Sjong,
og skimtar Paradiset.

5.

På dykkar store högtidsdag
foreldre, systkin, vil i lag,
dykk ynskja framtidsfagnad !
Må englar slå om heimen ring !
Må de or Nådens kjeldespring
få drikka liv og lagnad !

6.

Gud styrke dykk i kvardagsdust,
so ikkje eigenviljens rust
får tæra kjærleiksbandi !
Til Herren må de dagleg fly !
Han gjere dykkar kjærleik ny,
og gå dykk trutt til handi !

7.

So takk då, son, og broder vår
for samvær i dei farne år
i lune barnereiret !
Velkomen att til tun og koll
på gamle, kjære Konglevoll,
til møtestunder fleire !

Mor, Far, og systkin.